



Invitasjon til Naustdal barnekor – hausten 2026

Er du glad i musikk og song? Både gamle og nye medlemmer er velkomne til å vere med i Naustdal barnekor frå hausten der vi syng, dansar og leikar ilag. Vi ynskjer å starte opp ei ny aspirantgruppe for 1. og 2. klassingar som vil ha øvingar annakvar onsdag kl 13.10- 13.50. Dei andre onsdagane vil det vere korøving for 3. klasse og oppover (same klokkeslett). Om det ikkje blir så mange barn i ei av gruppene, kan det vere vi slår saman gruppene etter kvart. Framføringar kjem aspirantgruppa og korgruppa til å ha ilag.

Denne hausten skal vi øve fram mot konsert med artisten Bjarte Leithaug som vi skal ha i Førdehuset 27. oktober i lag med barnekora i Førde, Jølster og Fjaler. Det er kjekt å stå på scena i lag med mange andre, og vi trur at dette skal bli ei inspirerende oppleving for borna.



Viktig info:

Første øving for aspirantkoret (1. og 2. klassingar) blir 26. august, altså den andre skuleveka. Vi kjem til skulen kl 13.00 og hentar dei barna som er påmeldt. Vi fylgjer barna tilbake til SFO når øvinga er ferdig.

Første øving for barnekoret (3 kl og oppover) blir 2 september. Vi kjem også her og hentar på skulen kl 13, men barna går sjølve tilbake til SFO når øvinga er ferdig.

NB! Vi må ha påmelding med kontaktinfo til foreldre FØR første øving (dette er viktig både for oss og SFO). Også dei som har vore med før, må sende påmeldig på at dei blir med også dette skuleåret. Påmelding skjer ved at de registrerer barnet dykk via [Minkirkeside.no/sunnfjord](https://minkirkeside.no/sunnfjord) eller nyttar denne QR-koden. NB! Vi tar berre inn nye medlemmer i løpet av dei første vekene (ikkje midt i semesteret). Neste opptak blir i januar.



Vi kjem til å nytte **SPOND** slik at det kan vere lettare for foreldre å fylgje med i informasjonen. Last ned Spond- appen på mobilen og skriv inn gruppekode KAUYJ.

Koret er medlem i KFUK-KFUM, og det blir ein (symbolsk) medlemskontingent.

Mvh Erlend Os, organist i Naustdal og Vevring (tlf 98633379) og Silje Sørebo, kyrkjelydspedagog i Jølster, Naustdal og Vevring (tlf 47399492, ss986@sunnfjordkyrkja.no)